

Hordaland Fylkeskommune Kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900
Agnes Mowinckelsgt. 5

5020 BERGEN

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2013000142-47 Saksh: Else Marie Sandal Arkivkode Dato:
Journalpostid: 2016005425 Telefon: 53 65 42 80 223, D13 29.03.2016

Anbefalings- og støttebrev frå Odda kommune v/Ordfører Roald Aga Haug

Viser til søknad frå tekstilkunstnar Åse Eriksen om støtte til gjennomføring av rekonstruksjonsarbeid av messehagelen frå Røldal Stavkyrkje som i dag er å finna på Historisk museum i Bergen, og som er å rekna som eit unikt klenodium. Ein rekonstruksjon av denne messehagelen har lenge vore eit ønske frå gruppa som jobbar med pilegrimssenter og formidling av pilegrimsforteljinga knytt til Røldal Stavkyrkje. No er det kome ein heilt unik moglegheit som initiativ frå ein av landets fremste tekstilkunstnarar. Dette arbeidet ser me på som særskild viktig å få gjennomført og ein heilt spesiell anledning til å få laga kopier som kan vera til bruk i formidling og kulturhistorisk arbeid både på Bergen museum og i Røldal Stavkyrkje og /eller knytt til kulturminneformidling i Røldal.

Oppfølgingsgruppa for pilegrimssenter i Røldal og Ordfører i Odda , Roald Aga Haug vil med dette gje si støtte og stille seg bak søknad frå kunstnar Åse Eriksen og vil også garantera eigenandel prosjektstøtte ved neste budsjettbehandling til hausten.

Soknerådet i Røldal vil ettersenda sin uttale etter møte 7.april

Venleg helsing

Ordfører Roald Aga Haug

Else Marie Sandal
Biblioteksjef

Else Marie Sandal
Biblioteksjef

Eit levande kraftsenter

Telefaks: 53 65 42 81
Opheimsgata 31

Org.nr: 964 967 814
Bankgiro: 3201.50.24584
Innbetaling
skatt: 6345.06.12288

Telefon: 53 65 40 00
Telefaks: 53 65 40 51
Epost: epost@odda.kommune.no

5750 ODDA

www.odda.kommune.no